

Sokneprest Kjersti Brakestad Boge

Uttrågata 5

5700 Voss



Velkommen som KRIK-konfirmantar !

Det er 20 Krik-konfirmantar og dei skal vera med på 3 turar:

20.august til Mjølfjell

20.-21. oktober på Vonhaug, Mjølfjell

I mars skal vi ha Misjonsskiløp

KRIK-MEDLEMSKAP:

Krik-konfirmantane bør melde seg inn i KRIK. KRIK står for Kristen Idrettskontakt. Eg kan ikkje melda konfirmantane inn som ei gruppe. De må sjølv melda dei inn.

Då loggar de inn på KRIK.no. På nettseida står det rett under fana: Bli medlem i KRIK. De trykkar på det og vel Bli Medlem under MENY. Først må de oppretta ein brukar og får passord på mail eller sms, før de kan betala for medlemskapet.

Det kostar kr.100,- å verta medlem. Då får de eit kjekt medlemsblad og god rabatt på KRIK Challenge Voss i februar.

20.august til Mjølfjell – gudsteneste og kultursykling

Den 20.august reiser vi i lag med toget frå Voss stasjon kl.08.30.

Alle må ha med seg sykkel og hjelm, niste og drikke til 2 måltider og gode (varme klede, også hanskar til å sykla med).

Vi kjem fram til Mjølfjell stasjon kl.09.00 og sykklar ned til Mjølfjell kapell. Der et vi niste og har litt undervisning. Konfirmantane får B ibel og Kristuskrans.

Så skal vi sykla ned Raundalen og læra mykje om kultur og historie.

Kl.15 er vi med på gudsteneste i Raundalskyrkja. Vi avsluttar ved Olavskrossen ved Vonheim på Vangen, ca.kl.17.

Vi får gode grupperabattar på toget og prisen for toget vert lagt inn i den totale prisen for KRIK-konfirmantane.

20.-21.oktober på Vonhaug - Mjølfjell

20.oktober reiser vi i lag med toget frå Voss stasjon kl.15.50.

Heimreisa blir lørd.21.oktober kl.17.37 frå Mjølfjell. Då er vi kl.18.15 på Voss stasjon.

Vi skal vera ein god del ute og ha eit aktivt program.

Alle må ha med seg

Bibel og skrivesakar,

1 brød og pålegg som dei likar,

Laken, putevar og sovepose,

Handklede og såpe og toalettsakar (det finst dusjar der),

Varme uteklede, byteklede,

Innesko eller ullsokkar.

Helsing Kjersti Brakestad Boge

Tlf: 95262022